



Frode Haugsvær Maskin As
Austfjordvegen 2472
5981 Masfjordnes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/250 - 23/4556

Saksbehandlar:
Jan Kvingedal
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
22.05.2023

Melding om tildeling entreprise - Ytre Haugsdalen bustadfelt

På vegne av Masfjorden kommune takkar me for mottekne tilbod på arbeida med nytt bustadfelt i Ytre Haugsdalen. Det kom inn 5 tilbod på arbeidet.

Tildelingskriteria var sett som følgjer:

Tildelingskriterier	Beskrivelse	Vekt
Pris	Her vert samla kostnader for leveransen vurdert jf, pkt 1 og 2, i skjema tilbudskjema.	40 %
Kvalitet/kompetanse	Tildelingskriteriet "Tilbodets kvalitet" vurderast relatert til tilbyder sine opplysningar. I konkurransen vil kommunen vekta kompetansen på dedikerte medarbeidarar i prosjektet	40%
Mobiliserings- og leveringstid	Forpliktande og maksimal leveringstid frå bestilling/avrop (vektes 25 %). Framdriftsplan og skildring av arbeidet, gjennomføringsevne	20%

Nedunder vert tilboda samanlikna iht kriteria.

		A. Birkeland Ent.	F. Haugsvær maskin	Magne Hope AS	Hirth Himle Ent. AS	Grunnfjell AS
Pris 40% (Opsjon ikkje vurdert)	0,4	10,0	6,4	8,4	4,8	8,4
Kvalitet/ kompetanse 40%	0,4	9,5	10,0	9,5	9,0	6,0
Leveringstid 20%	0,2	9,1	6,4	10,0	5,5	3,0
Samla vurderingssum		9,6	7,8	9,2	6,6	6,4

Entreprenør A. Birkeland hadde best pris, både med og utan opsjon. Det er ved poengvurderinga ikkje teke hensyn til opsjonsprisen.

For kvalitet var det entreprenør Frode Haugsvær som kjem best ut. Det er beskrive godt korleis dette prosjektet er tenkt organisert med administrasjon og korleis ein konkret skal gjennomføra prosjektet. Dei

andre tilbydarane har skreve i meir generelle vendingar eller i mindre grad korleis dette skal organiserast og gjennomførast. Ein entreprenør hadde liten administrasjon på anlegget.

For leveringstid kom Magne Hope AS best ut med kortast total byggjetid inkl. prosjektering. Ein entreprenør hadde ikkje oppgeve byggjetid.

Totalt sett kjem Entreprenør A. Birkeland AS best ut med flest poeng iht. tildelingskriteria. Dei vert med dette tildelt dette arbeidet. Masfjorden kommune viser til punkt 6 i konkurransegrunnlaget og tek atterhald om igangsetjing av arbeida då det krev politisk godkjenning i kommunestyret før ein kan starta arbeida.

Klagefristen for tildelinga vert sett til 28.05.23, dvs. må klagen vere Masfjorden kommune i hende innan 28.05.23.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakrar:

Entreprenør Ansgar Birkeland As	Reknes Masfjordvegen 105	5986	Hosteland
Frode Haugsvær Maskin As	Austfjordvegen 2472	5981	Masfjordnes
Grunnfjell As	Herlandsvegen 330	6985	Atløy
Hirth Himle Entreprenør As	Dalsmoen 85	5709	Voss
Magne Hope As Entreprenørforretning	Litlåsvegen 197	5954	Mongstad